

# Rosendal

## Overordna landskapsanalyse

*og*

## Strandsoneanalyse Seimsfoss – Skeishagen

### Kvinnherad kommune



Morten Clemetsen

## **Føreord.**

I samband med planlegging for ny bygging mellom Skeishagen og Seimsfoss, er det stilt krav om utarbeiding av strandsoneanalyse. Som grunnlag for dette har det og vore ynskjeleg med ei overordna landskapsvurdering av heile Rosendalområdet.

Førebels framlegg til analyse vart presentert på ope møte i Rosendal 17. november.

Prosjektansvarleg i Aurland Naturverkstad har vore Morten Clemetsen. Kontaktperson ved plankontoret i Kvinnherad kommune har vore Anbjørn Høivik.

Digitalt kartarbeid er utført av Siri W. Bøthun

Aurland, desember 2004

Morten Clemetsen  
Landskapsarkitekt MNLA

Aurland Naturverkstad BA  
Postboks 27, 5741 Aurland  
Tlf: 57633629,  
e-post: kontorpost@aurland-naturverkstad.no

# Innhald

Føreord

## DEL I. OVERORDNA LANDSKAPSANALYSE

<b>1. Innleiing</b>	<b>4</b>
1.1. Bakgrunn og problemstilling	4
1.2. Målsetjing	4
<b>2. Metodegrunnlag</b>	<b>5</b>
2.1. Landskapsbilete som faktor i arealplanlegging og forvaltning	5
2.2. Fagleg metodikk	5
2.2.1. Kriteria for romleg visuell landskapsanalyse	5
2.2.2. Skala og romverknad	6
2.2.3. Overordna landskapsskildring	6
2.2.4. Inndeling i einskaplege delområde	6
2.3. Innsamling av data	7
<b>3. Overordna skildring av Rosendalområdet</b>	<b>8</b>
3.1. Lokalisering	8
3.2. Landskapsklassifisering	8
3.2.1. Landskapsregion og underregion	8
3.2.2. Landskapstypar i strandsona	9
3.3. Karakteristiske trekk ved landskapet	9
3.3.1. Busette område og jordbruk	9
3.3.2. Utmark og skoglier	10
<b>4. Omtale av delområde</b>	<b>11</b>
4.1. Kvifor inndeling i einskaplege delområde	11
4.2. Jordbruk og busettingsområde (14 delområde)	11
4.3. Utmark og fjellsider som omkransar bygda (4 delområde)	19
<b>5. Oppsummering områdeanalyse</b>	<b>21</b>
5.1. Overordna landskapskarakter – områdekategoriar vurdert ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk	21
5.2. Særskild sårbare eller viktige landskapsområde	23

## DELII. STRANDSONEANALYSE SKEISHAGEN – SEIMSF OSS

<b>1. Innleiing</b>	<b>25</b>
1.1. Bakgrunn	25
1.2. Målsetjing og avgrensing	25
<b>2. Analyse</b>	<b>26</b>
2.1. Skildring av området	26
2.2. Naturmiljø	27
2.3. Bygningstilhøve, bygningstypar i strandsona	27
2.4. Kulturminne	28
2.5. Visuelle tilhøve langs Rv. 48	30
2.6. Rekreasjonstilhøve og tilkomst	34
<b>3. Oppsummering og tilrådingar</b>	<b>35</b>

# DEL I.

## OMRÅDEANALYSE ROSENDAL

---

### ***1. Innleiing***

#### **1.1. Bakgrunn og problemstilling**

Rosendalområdet omfattar eit særskilt karaktersterkt og opplevingsrikt landskap med stort innslag av kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi. Landskapsmessig er området viktig, både som kulturhistorisk miljø med djupe tradisjonar og som kulturlandskap der samanhengen mellom fjord, busette bygder og fjell framleis utgjer ein heilskap med særskilt stor inntryksstyrke.

Samstundes er Rosendal og eit levande lokalsamfunn og kommunesenter med om lag 1000 innbyggjarar, noko som stiller krav til tilgang til areal for tilrettelegging for ny næringsverksemd, bustader og fellesfunksjonar. Det er ei stor utfordring å kunne legge til rette for ei framtidig utvikling der forvaltning av kulturmiljø og landskap kan sameinast med tilrettelegging for ny bustadbygging, næringsverksemd og anna arealbaserte aktivitetar.

Alt landskap i Rosendal har verdi og er viktig for området sin landskapskarakter. I utbyggingssamheng stiller dette særskilde krav til lokalisering og utforming av tiltak. På ei anna side vil omfang og allsidigheit i landbruksdrifta, skjøtsel og landskapspleietiltak i vesentleg grad påverke landskapsbilete og karakter. Eit landskap prega av einseitig, storskala drift utan husdyr og med rask gjengroing av lisider og heimeutmark vil få dramatisk effekt.

Det bør vere eit mål å legge til rette for ei utvikling i området som kan styrke kultur- og landskapsverdiar, næringsutvikling, trivnad og identitet for lokalsamfunnet.

#### **1.2. Målsetjing**

*Utarbeide ein kortfatta, overordna landskapsanalyse for Rosendalområdet.*

Det skal utarbeidast ein overordna landskapsanalyse for i Rosendal tilpassa målestokk 1:5000 med avgrensing av ulike områdekategoriar og delområde som kan danne grunnlag for lokale medverknadsprosessar og vidare planlegging og forvaltning av Rosendalområdet som heilskap.

På dette nivå vert det lagt vekt på kvart delområde sin særskilde landskapskarakter og utviklingspotensial i høve forvaltning av natur- og kulturmiljø og framtidig arealbruk.

## **2. Metodegrunnlag**

### **2.1. Landskapsbilete som faktor i arealplanlegging og forvaltning.**

Landskapet vert definert som dei samla fysiske omgjevnadene som omsluttar oss under open himmel (Bruun 1996). Landskapet er samansett av ei rekkje fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Landskapet rommar difor både natur og kultur. Ofte er dette vevd i kvarandre på ein måte som gjer det vanskeleg (og kan hende lite føremålstenleg) å skilja dei frå kvarandre. Kulturdelen av landskapet inneheld ei historisk djupne når det gjeld busetnad, bruksmåtar og omforming av natur til kulturlandskap.

Med basis i ei brei landskapsforståing vil analyse av landskapet omfatte både naturskildringar og skildring av kulturelle faktorar som historisk utvikling, arealbruk, kulturminne, byggeskikk, bygningar, infrastruktur osv. (Bruun 1996).

Landskapets verdi vil i stor grad og vere knytt til opplevinga av det, både som fysisk landskap og som kulturelt landskap. Omgrepet *landskapsbilete* vert ofte nytta om det landskap ein ser og sansar og gjennom det ein umiddelbart opplever (Bruun 1996), men den kulturelle forståinga av landskapet er og viktig. Ikkje minst den historiske dimensjonen – korleis har folk levd og utnytta landskapet gjennom tidene og korleis har dette vore med å forme vår tids landskapsuttrykk. Landskapsbiletet omfattar og estetiske kvalitetar, men det kan vere rettare å nytte omgrep som *landskapskarakter* eller *identitet* for ikkje å snevre det inn til ein diskusjon om "stygt og pent".

For å kunne skildre landskapsbiletet på ein utfyllande måte, er det i dei neste avsnitta gjort greie for dei metodiske framgangsmåtane som er nytta. Arbeidsopplegget bygger i stor grad på metodikk utvikla ved Institutt for landskapsplanlegging (Bruun 1983, Nordisk Ministerråd 1987) og Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging (NIJOS) (Elgersmaa 1996, Elgersmaa og Asheim 1998).

## **2.2. Fagleg metodikk**

### **2.2.1. Kriteria for romleg visuell landskapsanalyse**

Rosendalområdet er avgrensa av tydelege landskapsformar, noko som gjer området til ein lett fattbar heilskap. Samstundes framtrer det til dels store variasjonar i landskapsuttrykk og arealbruk når ein vurderar området i ein meir detaljert målestokk. For å kunne skildre landskapsbilete, arealbruk og opplevingsverdiar på ein systematisk måte, er heile utgreiingsområdet delt inn i *einskaplege delområde*. I større og meir samansette landskapsområde nyttar ein gjerne to nivå for å kunne skildre områda på ei tilfredsstillande måte. I Rosendal er ikkje dette behovet så framtrekkande. I omtalen av delområda er det likevel lagt til grunn ei inndeling i to hovudkategoriar landskap; *Jordbruk og busettingsområde* og *Utmark og fjellsider*.

Slik strukturering og inndeling av utgreiingsområdet er nødvendig for å kunne gje ein presis omtale av landskapet og dei ulike faktorene som påverkar landskapsbiletet og

opplevinga av det. Den landskapsmessige organiseringa som er nytta i rapporten vil kunne nyttast som grunnlag for vidare utarbeiding av kommunedelplan.

### **2.2.2 Skala og romverknad**

Omgrepet skala har med målestokken i landskapet å gjere. Terrengform, omfanget av ulike element i landskapet og innhald av detaljar vil påverke oppfattingar av skalatilhøve. Eit landskapsområde med terrengformar som gjev lange utsyn med få eller jamt vekslende overgangar, vil oppfattast som *storskala*. Eit område med mange overgangar mellom vertikale og horisontale former som tildømes eit kupert, kollete landskap, vil vere meir *småskala*. Skala vil og i stor grad påverke romverknaden i landskapet.

Romverknaden i eit landskap vil kunne oppfattast og skildrast på ulike nivå. Eit overordna landskapsrom vil kunne delast inn i mindre rom osb. Særskilt vil dette vere tilfelle i meir småskala landskap. Romma på dei forskjellige nivåa kan og vere vanskeleg å definere eksakt. Opplevinga er dynamisk, etter som ein rører seg gjennom landskapet. Romma vil gli over i kvarandre og danne meir diffuse overgangssoner.

### **2.2.3. Overordna landskapsskildring.**

På overordna nivå er fylgjande kriteria nytta i skildring av Rosendalområdet (kapittel 3):

- **Lokalisering, skala og landformer.**
- **Naturmiljø** med dominerande trekk i geologi og vegetasjon, vatn og vassdrag.
- **Arealbruk** med vekt på fysiske tiltak og inngrep knytt til busetnad, næringsliv, samferdsle, landbruksdrift, friluftsliv, etc.
- **Kulturhistorie** med viktige fysiske spor og minne etter tidlegare busetnad, ferdsle, ressursutnytting, sosialt og religiøst liv.
- **Landskapsbilete** slik området framstår i dag med særpreg, variasjon og heilskap. Hovudvekt er lagt på visuelle tilhøve. I kva grad landskapet er prega av menneskeleg bruk, vil vere med å bestemme landskapskarakter.

### **2.2.4. Inndeling i einskaplege delområde. Målestokkgrunnlag 1: 5000.**

I samband med skildring av landskapet i utgreiingsområdet som opplevings- og rekreasjonsressurs, vil det vere tenleg å dele inn hovudområda i einskaplege delområde.

Delområda tek utgangspunkt i ei romleg avgrensing og fungerer på eit landskapsmessig skalanivå som samsvarer med landskapsformer og arealstorleik som folk orienterer seg etter og opplever når dei ferdast gjennom landskapet. Grunnlaget for å arbeide med einskaplege delområde i landskapsamheng er metodisk basert på Oterholm og Feste (1973).

Saman med romleg avgrensing vil skala / topografi, hovudtrekk i naturmiljøet og arealbruk vere viktige kriteria for avgrensing av einskaplege delområde. Det er i alt skildra 18 delområde.

Alle delområda har ein indre samanheng, ein framtrédande landskapskarakter som er mogleg å identifisere og skildre. I mange tilfelle vil det ut frå skalaforhold og topografi ikkje vere mogleg å få overblikk over heile rommet medan ein er ute i terrenget. Ein vil likevel kunne oppfatte og forstå overgangar når ein rører seg frå eit rom, eller einskapleg delområde, til ein anna. Nokre stader er overgangane tydeleg markert i landskapet.

Vurderingane av delområda sin landskapskarakter bygger på fylgjande kriteria:

- **Heilskap eller samsvar.** Dette vil vere eit samlande uttrykk for i kva grad dei ulike landskapskomponentane dannar ein harmonisk samanheng. Dette omfattar og kontinuitet over tid i bruk av landskapet.
- **Variasjon eller mangfald.** Uttrykker omfanget av element og uttrykk i landskapsbiletet. Stor variasjon vil vere opplevingsmessig positivt dersom dei vert oppfatta å ha ein indre samanheng, ein visuell og økologisk orden.
- **Intensitet eller inntrykksstyrke.** Kontrastverknader i landskapet, einskilde natur- eller kulturelement som utmerkar seg på ein positiv måte. Særskilde klimatiske tilhøve vil og kunne gje stor inntrykksstyrke.
- **Urørtheit.** Oppleving av stille, ro og urørt natur vil ha ein viktig funksjon i eit landskap.

Einskaplege delområde er skildra i kapittel 4.

### 2.3. Innsamling av data.

Hovudmålet med prosjektet er å gjennomføre ei landskapskartlegging med vekt på visuelle forhold. Skildringar og vurderingar i denne rapporten er difor i hovudsak basert på synfaringar og visuelle observasjonar.

Området vart synfart 29.-30. juni og 4.-5. juli 2004. Synfaringane er føreteke til fots, men og ved hjelp av bil og båt. Vurderingane som er føreteke på bakgrunn av eigne visuelle registreringar, er supplert med skråfotoseriar tekne frå fly om sommaren. Biletseriane dekkjer heile analyseområdet.

Vurdering av områdegrensar og delområde er gjort med støtte i økonomisk kartverk, målestokk 1:5000.

Andre relevante opplysningar er henta frå kartbasar (landskapskartlegging, geologi, faste kulturminne), bygdebok, landbruksplan for Kvinnherad kommune, registreringsprosjekt for Folgefonna Nasjonalpark og kulturminnevern i Rosendal, SEFRAK-registeret og andre kulturminneopplysningar frå Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune.

## **3. Overordna skildring av Rosendalområdet**

### **3.1. Lokalisering**

Rosendal ligg ved Hardangerfjorden vest for Folgefonna. Sjølve Rosendal er omgjeve av eit skålforma, ope dalrom avgrensa av karakteristisk og fint avrunda fjellformasjonar, der Skålaegga, Melderskin og Malmangesnuten er mest framtrekande. Snilstveitøy si form og plassering gjer at bygda i stor grad er visuelt og klimatisk skjerma mot hovudlaupet i Hardangerfjorden. Dermed oppstår det eit særstærkt og intimt landskapsrom med utlaupet av Hattebergselva som eit midtpunkt.



*Figur 1.* Oversiktsbilde over Rosendal. Fjellformasjonen Melderskin midt i bildet ligg mellom Melsdalen til venstre og Muradalen til høgre, bak den framstikkande og mørke Malmangersnuten Foto: Anbjørn Høivik.

### **3.2. Landskapsklassifisering**

#### **3.2.1. Landskapsregion og underregion**

I fylgje NIJOS sin nasjonale klassifiseringssystem for landskap, høyrer Rosendal til landskapsregion 22, *Midtre bygder på Vestlandet* (Elgersmaa og Asheim 1998). Denne regionen dekker i hovudsak landskapsområda mellom fjordmunningane og fjellregionen. I Hordaland er geologien i regionen mykje dominert av skyvedekke og kambrosilur. Dette gjev generelt gode dyrkingstilhøve og ein finn rike jordbruksområde. Skogreising med planting av gran har stort omfang i ein del område, mellom anna i ytre Hardanger. Busetnaden har lang kontinuitet og ein finn mange spor etter fornminne og spor etter drifts – og dyrkingsformer frå mange epokar gjennom historia. (NIJOS 1998)



Rosendal høyrer til landskapsunderregion 22.20 "Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm" NIJOS 2000)

Generelt er dalprofilene i underregionen skarpe, tydleg v-forma danningar med ein viss utviding av dalmunningane, men døme på u-forma dalar førekjem og. Dei fleste større dalane er hengande i fjordtrauet og har kneik ned til fjordlinja og fleire tersklar vidare oppover dalføret.

Avsmeltingssediment (breelv) førekjem i mange av dalmunningane som terrassar og reiner, men kan ikkje seiast å vera fullt ut regionalt typisk. Ulvenosmassivet har utvilsamt nokon av dei finaste meisla botnformasjonane som kan visast til i regionen. Rasskard pregar somme av dalføra, t.d. Ænesdalen, og her er svært aktive og gode former å finna. Særskild for underregionen er og blokkmarka som dekkjer delar av fjellområda, t.d. Melderskin (mel = urd, blokkmarka og skin=ljos, blokkmarka som ljoser).

Næringsrik berggrunn og godt klima med milde vintrar gjer at denne underregionen truleg er den mest artsrike i heile regionen og artsrik edellauvskog er stikkordet her. Varmekjære lauvskogslir finn ein mange stader på nordsida av fjorden og på øyane, men og fleire stader på sørsida, t.d. i Guddalsdalen der denne førekjem heilt til 5-600 m høgde i fjellsidene. Der inngår alm, ask, noko lind, hassel, svartor og einskilde stader og eik.

Det er relativt stor busetnad i underregionen samanlikna med resten regionen. Det meste av busetnaden er tilknytta jordbruksdrifta, men her er og betydeleg innslag av industri og anna verksemd. (Utdrag frå NIJOS –rapport tilgjengeleg på internett).

### **3.2.2. Landskapstypar i strandsona**

NIJOS har og på oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune føreteke ei klassifisering av strandsonene i fylket.

Landskapet rundt fjordbassenget mellom Snilstveitøy, Rosendal og Dimmelsvik vert karakterisert å høyre til middels breie fjordlaup. Strandsona er i hovudsak bebygd.

(Nettside til Hordaland Fylkeskommune:

[www.hordaland-f.kommune.no/planogmiljo/arealplan/lndsk.html](http://www.hordaland-f.kommune.no/planogmiljo/arealplan/lndsk.html))

## **3.3. Karakteristiske trekk ved landskapet**

På eit overordna nivå kan Rosendallandskapet skildrast i to hovudkategoriar;

### **3.3.1. Busette område og jordbruk**

Rosendal er i fyrste rekkje ei jordbruksbygd. Omfanget av historiske funn er stort og er prov på at det har vore fast busetnad i sær lang tid. Dei rike vekstvilkåra gav grunnlag for mange gardar alt i eldre tid. Det er i dag registrert 73 landbrukseigedomar i Rosendal, 28 av desse er i drift i dag som sjølvstendige bruk (Landbruksplan for Kvinnherad 2004). Eit omfattande og aktivt landbruk er framleis eit kjenneteikn ved bygda og eit viktig karaktertrekk ved landskapet. Topografien med dei bratte fjellsidene skaper markert skilje mot jordbruksmarka i dalbotnen. Så godt som alt areal under kote 100 er jordbruksland, med unnatak av det som er utbygd til andre føremål. I lisdene mot Melsdalen opnar landskapet seg og innmarka går vesentleg høgare. Elveløpa til Melselva og Hattebergselva utgjer saman med

kantvegetasjonen og skogkledd gjel og elvedalar viktige naturstrukturar i landskapet.

Rosendal sentrum er godt samla kring Skålevika og i stor grad avgrensa mellom fjorden og Rv 48. Nyare bustadfelt skjer seg inn mellom åkerjord og gardstun på dei gamle gardane Skåla, Vang og Malmanger.

Intakte og synlege gardsstrukturar, saman med Baroniet, Avlsgarden, Kvinnherad kyrkje og Malmanger prestegard er med å styrke Rosendal sin sterke posisjon som kulturhistorisk viktig område.



*Figur 2.* Fordelinga mellom jordbruksområde og utmark dannar eit karakteristisk skilje i landskapet i Rosendal.

### **3.3.2. Utmark og skoglier**

Dei bratte fjell- og lisdene under Skålaegga, Melderskin og Malmangersnuten utgjer ein slående kontrast til den flate og oppdyrka innmarka. Denne kontrasten er ein viktig del av heile bygda sin identitet. Delar av dei nedre delar av lisdene har eit meir ope og kulturvert preg gjennom intensiv beiting, medan størstedelen av områda er prega av lauvskog (gjengroing). Nokre stader er lauvskogen brote opp av mørke, regelmessig utforma granplantefelt. Fjella utgjer eit amfi kring bygda, der eit kvart terrenginngrep vil vere godt synleg og påverke landskapsbiletet i heile Rosendal.

## **4. Omtale av delområde**

### **4.1. Kvifor inndeling i einskaplege delområde?**

Hovudintensjonen her er å identifisere område som har eit einskapleg visuelt landskapsuttrykk.

Inndelinga er basert på ei vurdering der framtrедande landskapskarakter er lagt til grunn. Det kan vere arealbruk, naturmiljø, terrengform eller tydleg romleg avgrensing. Visuelt vurdert vil eit tiltak inne i eit delområde i mange tilfelle lettare kunne tilpassast omgjevnader og ikkje verte skjemma eller dominerande enn om det vert plassert i overgangen mellom to delområde eller landskapstypar. Ved planlegging av tiltak bør ein difor vere merksam på dei overgangssonene som oppstår mellom område av ulik karakter. Kartet som syner inndelinga i delområde kan difor vere retningsgjevande for vurdering av lokalisering av tiltak.

### **4.2. Jordbruk og busettingsområde**

Omfattar Rosendalområdet frå fjorden og så langt det er busetnad, gardstun og fulldyrka jordbruksareal.

#### **A1. Nes**

Nes omfattar det slakt hellande terrenget mellom fjorden og foten av Klåberg, i forlenginga av Skålaegga. Avgrensinga i nordvest fell naturleg ved Tåneset der landskapet smalar inn. I aust er avgrensinga meir flytande i overgangen mot landskapsrommet som omkransar Kvinnherad kyrkje.

Området er i stor grad dekkja av samanhengande morenemassar som har gjeve grunnlag for åkerdrifta. Området er framleis dominert av aktiv landbruksdrift, med vekt på husdyrhald og grasproduksjon. Gardstuna avteiknar seg som klart avgrensa og frodige miljø i det opne produksjonslandskapet. Mindre bustadområde, institusjonar etc. er lokalisert fleire stader, men påverkar i liten grad den overordna karakteren av eit velstelt jordbrukslandskap. Likevel skal det lite til av fortetting og vekst av byggeområde før landskapskarakteren i området vert endra.

Riksveg 48 passerar gjennom området og landskapet vert slik sett ein viktig portal og innfallsport til Rosendal. Likeeins er området eksponert frå fjordsida, der både daglege rutebåtar, cruisebåtar og andre fartøy passerar tett på strandsona.

Kvaliteten på strandsona og samanhengen med det bakenforliggjande landskapet blir difor ein viktig faktor i opplevinga av Rosendal-området.


Ved Arnavika er det eit klebersteinsbrot frå mellomalderen.

Vegetasjon: Tuntre, allétre og anna velutvikla vegetasjon kring tun.

#### **A2. Bjørke**

Området omfattar det øvre terrasseområdet mellom dei godt synlege beitebakkane i Røssåsen og Kyrkja. Terrengformane gjer gjev det ei klår avgrensing med tydlege overgangar mot andre delområde. Småskala landbruk dominerar i landskapet. Ein finn mellom anna velutvikla og godt vedlikehaldne beitehagar som og er viktige innslag i landskapsbiletet. Området er i liten grad nytta til bustadbygging. Det er ein industribedrift i området.





Figur 3. Inndeling i einskaplege delområde i Rosendal.

### **A3. Kvinnherad kyrkje**

Kvinnherad kyrkje er ei vakker, høgreist og kvitkalka steinkyrkje frå 1200-talet. Kyrkjebygningen og plasseringa på den store terrasseflata med oversyn over mest heile Rosendal, signaliserer sterkt at dette anlegget krev mykje ope rom rundt seg. Her kan det vanskeleg finnast plass til aktivitetar som kan konkurrere om merksemda. Avgrensinga av delområdet tek omsyn til dette. Området er elles dominert av åker og engareal i aktiv drift. To gardstun er inkludert i området. Desse er lokalisert langs foten av den markerte terrasseskråninga, som og



dannar bakvegg for kyrkja sett frå sør. Mot aust og sør skaper nye terrassar i det fallande terrenget ned mot den tettare busetnaden i sentrum, naturlege avgrensingar. Mot vest og sørvest vert avgrensinga meir diffus, men følgjer markerte bygningar og vegetasjonselement i overgangen frå den opne dyrkamarka som omkransar kyrkjeanlegget.

To vegar skjer gjennom landskapsrommet og kryssar kvarandre framom kyrkja. Den eine følgjer terrengkotene i aust-vestleg retning og bind gardstuna saman med kyrkja. Denne vegen er truleg særst gamal. Den andre vegen stig bratt opp frå kaien i Skålevika og har vore hovudtilkomst til kyrkja frå sjøsida. Vegen fortsett i dag i sving opp på det høgste terrassenivået og på vestsida av Melsdalen.

Området har lite privat bustadbygging. Generelt lite trevegetasjon utanom kyrkjeområdet, men nokre større lauvtre i bakken sør for kyrkja.

Av arkeologiske kulturminne finn ein graver og restar etter gardsbusetnad frå bronsealder / jernalder. I nærleiken av det opphavlege tunet på garden Skåla finn ein og tufter frå steinalder og jernalder, i tillegg til ein kyrkjegard frå mellomalderen. Denne ligg i overgangssona mot delområde A5.



Figur 4. Landskapsrommet kring Kvinnherad kyrkje. Landskapet her har liten kapasitet for nye inngrep.

#### **A4. Søreboen – Malmanger**

Dette delområdet ligg på begge sider av Hattebergselva og vil difor i mindre grad bli oppfatta som eit heilskapleg område. Hovudtrekk i arealbruk, med veksling mellom villabusetnad på store tomter med mykje frodig hagevegetasjon, i veksling med avgrensa teigar med åker og eng og nokre mindre gardstun, gjer at området likevel har ein indre samanheng.

Avgrensinga mot nordvest fell naturleg langs terrassekanten, mot aust mot vegetasjonsdraget langs Melselva, mot sør dei store opne innmarksareala til Prestegarden og mot sørvest den trafikkerte hovudvegen gjennom Rosendal, Rv. 48.

Ved overgangen mot delområde A3, ved Skåla-tunet finn ein busetnadsspor frå bronsealder og jernalder.

Store edellauvtre, tuntre og innslag av gamal busetnad gjer at dette ikkje berre framstår som eit moderne villastrok. Hattebergselva er retta ut og kanalisert med bratte og vanskeleg tilgjengelege elvekantar. Kraftig oppslag av lauvtre og kratt forsterkar korridor- og barriereverknaden av elva.

Næringsverksemd i overgangen mot elvelandskapet langs Melselva.

Landskapsmessig vil det vere mogleg å integrere ytterlegare busetnad i området.


### A5. Rosendal sentrum

Sentrumsområdet i Rosendal omfattar områda langs fjorden mellom Skålevika og Malmangersvika. Gateløpet langs Rv 48, med bygningar på begge sider, avgrensar i hovudtrekk sentrum og utgjer overgangen mot nærliggjande bustadområde.

Figur 5.  
Rosendal sentrum mellom Malmangersvika og Skålevika



Figur 6.  
6 områdetypar, vurdert ut frå dominerande arealbruk og funksjon, kan skiljast ut i sentrumsområdet.






Sentrumsområdet har ikkje ein kompakt, homogen bygningsstruktur. Området er oppsplitta i fleire funksjonar og relativt tydeleg avgrensa frå kvarandre. Nedre del av den kanaliserte og tett tilvakse Hattebergselva utgjer eit tydeleg skilje i sentrumsområdet.

Tydlege naturformar representert ved vika og det skålforma landskapet og relativt klår avgrensing, gjer at sentrum likevel vert oppfatta som eit samanhengande område.

### **A6. Melselva**

Melselva er viktig både som lineært element med stor opplevingsverdi, og som natur og kulturmiljø som strekk seg utover i landskapet til kvar side for elvestrengen. Høgdeskilnadene frå overgangen mot Melsdalen (ca 250 m.o.h) og ned til elvemøtet med Hattebergselva gjer at vatnet er i kraftig rørsle, og som gjev mykje lyd i periodar med stor vassføring. Ei elv er eit levande element som stadig forandrar seg.

Terrengformar og vegetasjon på kvar side av elva gjer at det vert danna eit landskapsrom der elvemiljøet er godt skjerma frå områda omkring. Dette har stor verdi som levestad for plante- og dyreliv og som grøn korridor for ferdsle. I nedre del av vestsida av elva er det noko påverka frå næringsområde og bilveg. Ei gamal sag er under restaurering i området. Det er og etablert ein steinpark i nærleiken av elva som vert ein del av elvelandskapets rekreasjonsområde.



Figur 7. Melselva er ein skjerma, grøn korridor gjennom bygdelandskapet.

### **A7. Kletta**

Garden Kletta ligg høgt i landskapet ved inngangen til Melsdalen. Herfrå er det fritt utsyn over heile Rosendal. Mykje av området ligg på ein framskutt terrasserygg som går over i ein tydeleg profil i fjellsida opp mot Melderskin. Namnet Kletta tyder høg grusrygg med bratte sider. Landskapsforma gjer og gardstun og anna busetnad blir ein del av innramminga av Rosendal. Tiltak her vil difor vere visuelt eksponert mot dalføret.

Kletta er ein av dei gamle gardsdanningane i Rosendal og er å finne i skriftlege kjelder tilbake til tidleg 1500-talet.

### **A8. Eik – Mel**

Gardane Eik og Mel høyrer til i det same landskapsområdet. Visuelt er det få haldepunkt i landskapet som gjer at ein kan skilje gardane frå kvarandre. Terrenget stig jamt opp frå dei flate åkrane kring Avlsgarden, mot den tydelege overgangen til dei bratte utmarksliene ved Eikerindane. På denne måten utgjer området eit amfi som vendar seg mot Baroniet.

Busetnaden er i hovudsak konsentrert til gardstuna. Det er skilt ut få frittliggjande bustadtomter. Tuna, i veksling med mjukt forma innmarksteigar og linjedrag med tre- og buskvegetasjon, skaper eit harmonisk og tiltalende landskapsbilete. Langs vegen mellom Mel og Eik er det tufter etter ei mellomalderkyrkje.



*Figur 8.* Utsyn mot Hatteberg og Muradalen, sett frå vegen til Kletta. Innmarka til gardane Eik og Mel i framgrunnen. Hatteberg ligg på terrasseflatene over Baroniet, som ligg skjult mellom store parktre.

### **A9. Baroniet**

Dette delområdet omfattar i stor grad det flate og opne åker- og parklandskapet ved Hattebergselva. Som kulturlandskap og kulturhistorisk miljø har dette heilt særlegne kvalitetar. Området utgjer ein sentral del av framlegg til områdevern etter Kulturminnelova (nasjonalt verneverdig kulturmiljø og landskap).

I området utgjer Avlsgarden og Baroniet med hage og park to motstykke der praktisk produksjon og foredla kulturelle og kunstnariske uttrykksformar dannar ein heilskap. Til ein viss grad kan ein seie at det som kjem til uttrykk her og gjeld for heile Rosendal-bygda.

Vegetasjonen med gamle storvokste allétre og parkplantingar utgjer eit overordna rammeverk kring bygningsmiljø og opne areal. I austre del er området avgrensa mot dei tydelege og velforma terrassane som delvis er beiteforma, men i gjengroing, og delvis er tilplanta med tung granskog. Terrasseformene si overordna romverknad gjer at eit område på sørsida av elva er inkludert i delområdet. Vegen frå sentrum fylgjer den gamle alleen fram til slottet og fortsett vidare oppover og inn Muradalen. Fossen i Hattebergselva er lite synleg frå store delar av området, men har ein kraftig lydmessig påverknad i sommarhalvåret.



### **A10. Prestegarden**

Malmanger prestegard utgjer eit viktig landskapsmessig anlegg og er eit kulturhistorisk tyngdepunkt på sørsida av Hattebergselva. Sjølve gardstunet ligg i dag langs nyare tilkomstveg frå Rv 48, med nyare bustadfelt tett på, på nordsida. Mot sør og aust er jordbrukslandskapet ope og utan nyare bygningar. Unnataket er eit lite, men tydeleg eksponert byggefelt i øvre delar av terrasseskråninga i Omshagen. Mot sørvest reiser landskapet seg opp til ein liten rygg som skil Malmanger frå det meir fjordvende landskapet som høyrer garden Skeie til.

Restar av den gamle alleen som batt gardstunet og fjorden med brygge og naust i Malmangersvika saman, står framleis og skildrar på den måten kva ferdslesamband som var viktige i tidlegare tider. Overgangen mellom den flate åkerjorda, beitehagar og dei bratte utmarksliene opp under fjellet er som regel svært tydeleg og markert. Overgangane ved Malmanger er noko mjukare, mykje grunna eit avverka plantefelt som no er gjort om til innmarksbeite. Omshagen er ein interessant og sjeldan rest av eit beite- og slåttelandskap som truleg var mykje vanlegare også på flatemark før mekaniseringa av landbruket.

### **A11. Hatteberg**

Garden Hatteberg ligg for ein stor del på terrasseflata som reisar seg opp aust for Baroniet. Området omfattar tre gardsbruk med innmark som avgrensast mot dei bratte utmarksliene som stig opp mot Melderskin. Terrassekanten mot Baroniet er tilplanta og består i dag av storvokst trevegetasjon med blandingsskog.

Vegtilkomsten til gardane i området går gjennom parken på Baroniet og fortsett vidare innover Muradalen. Gardstuna er lite synlege frå dei nedre delane av bygda, medan innmarksområda opp mot utmarka har ein viktig visuell funksjon.

### **A12. Gjerde – Håland**

Området omfattar dei tre tidlegare husmannsplassane Gjerde, Fossberg og Håland. Plassane ligg på forskjellig høgde i terrenget, men utgjer likevel ein landskapsmessig heilskap gjennom arealutforming, storleik og historiske tradisjonar. Området er karakterisert av små tun med spreidde, mindre innmarksteigar. Ein del beitemark vert nytta, men mykje av området ber preg av noko låg beiteutnytting og er i byrjande gjengroing. Elles er landskapsbiletet prega av granplantefelt med skog som nærmar seg hogstmoden alder.

Området er tilbaketrukke i landskapet, men har likevel stor merksemd som overgangsområde mellom den opne og busette bygda og Muradalen som trengjer seg inn mellom dei høge fjelltoppane. Hattebergfossen og den markerte fjellknausen ved Fossberg, midt i dalrommet, er ytterlegare blikkfang med stor visuell påverknad på heile Rosendal.

### **A13. Skeie**

Gardstunet på den gamle garden Skeie ligg framskutt på moreneryggen som flatar ut under Malmangersnuten og dei bratte utmarksteigane ned mot innmarka.

Landskapsmessig finn ein støtte for naturlege avgrensingar mot tilstøytande område ved tydelege terrengfall og retningsendringar. Interessant nok samsvarer i stor grad desse avgrensingane med grensene for garden Skeie.

Aust for gardstunet på Skeie er det restar etter ei geil frå jarnalder eller mellomalder.

Området er framleis dominert av landbruk med åker og engareal. Nokre gamle beitehagar ligg i dei brattare partia ned mot fjorden. Strandlinja er i stor grad endra i nyare tid som fylgje av vegutvidingar og utfylling mot sjøen. Det store byggefeltet i Skeishagen skil seg markert ut frå resten av området og er godt synleg frå fjorden og frå Nes-sida. Den tette, nye naustrekka som ligg nedanfor bustadfeltet har ein bygnadsmessig utforming som er med å bryte opp samanhengen i strandlinja. Overgangssona mot Malmangersvika er eit framtrédande landskapselement sett frå sentrum og store delar av bygda. Utforming og plassering av bygningar i området i dag fungerer godt landskapsmessig, men nye byggetiltak vil krevje god tilpassing for at området skal bevare heilskapspreget.



Figur 9. Garden Skeie ligg fritt plassert fram på ryggen over bustadfeltet Skeishagen.

#### **A14. Seim**

Dette området omfattar det skålforma, slake landskapet mellom terrengryggen ved Skeie, Guddalselva og industrianlegget på Seimsfoss. Området er dominert av store samanhengande jordbruksareal på gamle breelvavsetnader, spreidde gardstun og nokre frittliggjande bustadtomter. Det gamle tunet til garden Seim låg i framkant av den markerte og romavgrensande terrengforma Hundeberghaugen. Rv 48 skjer gjennom området og skapar eit skilje mellom strand- og naustmiljøet ved fjorden og det flate åkerarealet aust for vegen. Det opne og flate landskapet gjer likevel at samanhengane mellom strandsona og gardsmiljøa framleis er mogleg å oppfatte. Dette er ein kvalitet ein bør ta omsyn til ved framtidig planlegging i området. Nord i området, ved Holmedalen er det funne spor etter buplass frå steinalderen. Aust for Rv. 48 er det gjort fleire kulturminnefunn frå bronsealder / jernalder, mellom anna nausttuft, grav, hustufter og kokegrop.

### 4.3. Utmark og fjellsider som omkransar bygda.

Omgjevnadene til bygda, med tettstaden, gardsbruka og det opne kulturlandskapet, vil ha stor innverknad på opplevinga av heilskapen i Rosendal. Inntrykksstyrken i dei fortetta opplevingane som ein finn i Rosendal vert forsterka av fjellsider og toppar som omkransar bygda. Det er difor funne riktig å gje ei stutt omtale av desse områda og i denne analysen.

#### **B1. Røssås – Klåberg**

Åsen løftar seg opp frå gardane i hellinga mellom Nes og Skåla. Sett frå fjordnivået er profilen tydleg og klårt avgrensa med Klåberg og Skålaegga som framtrudande parti. Det er bygd fleire traktorveggar opp i bakkane. Desse er i dag tilvokst med gras og med oppslag av lauvvegetasjon er dei ikkje dominerande i landskapsbiletet. Vegane vert i nokon grad nytta som turveggar, mellom anna opp til Klåberg, der ein har flott utsyn over heile bygda. Tilrettelegging for tilkomst er god. Overgangen mellom innmark og beite er klårt markert i Nes-området. Her og gjengroinga kome lengst. Overgangen mjukast opp noko meir i landskapet over Bjørke grunna meir intensiv beiting med innslag av frittståande tre i beitet. Beitepreget har stor verdi for landskapsbiletet og som innramming av viktige landemerke som t.d kyrkja. Dalsida fortsetter innover Melsdalen, og ein mistar snart visuell kontakt med dalsida.



Figur 10. Landskapet under Skålaegga gjev uttrykk for gradvise overgangar mellom eng og innmarksbeite, utmarksbeite med tiltakande gjengroing og skogplanting.

#### **B2. Eikerindane**

Toppen av fjellet Melderskin ligg på over 1400 meter. Heile fjellpartiet innover nordsida av Muradalen gjev eit massivt og storslått inntrykk frå bygda, med Skardshaugen og Laurdalstind som framstående toppar. Småelvane i Store- og Vesle Laurdalen ligg som kvite band nedover fjellsidene. Dei nedre delane av fjellsida er tett tilvokst med lauvskog. I bakkene over Eik og Klette vert gamle slåtte-



og beitehagar framleis haldne opne. Rydding og beiting hadde vore ynskjeleg og i bakkene bak Hatteberg og i overgangen mot Muradalen.

### **B3. Malmangerrindane**

Malmangersnuten er kanskje det mest kjende naturlege landemerke i Rosendal. Sett frå Baroniet er det ein slåande kontrast mellom det lyse og kultiverte parklandskapet og den mørke, ville fjellsida. I dette området vender fjellsida mot nord og vert difor i stor grad liggjande i skuggen. Utanom bratthamrane under sjølve nuten, er det meste av fjellsida skogkledd, noko som gjev fjellet eit mjukare preg. I Omshagen og langs fjellfoten mot Malmangersvika er overgangen mellom innmark og utmark visuelt sett glidande. Beitemråda er halvopne med innslag av trevegetasjon. Desse mjuke overgangane er særst viktige her fordi ein både langs rv.48 og frå bustadfelt og friområde er visuelt tett på fjellfoten. Eit større felt er teke i bruk som beite og er heilt fritt for trevegetasjon. Tilkomsstvegen som truleg vart bygd i samband med avverking av eit plantefelt, er godt synleg frå heile bygda og går i sikksakk oppover lia (sjå figur 5). Området er eit vesentleg blikkfang, særleg når ein kjem frå Nes-sida. Det opne beitet skapar og ein ytterlegare kontrast til nærliggjande granplantefelt som ikkje er hogd ut.

### **B4. Svarthammar**

Fjellsida over gardslandskapet på Skeie bøyer seg rundt ein markert ryggformasjon. Dette gjer at fjellsida ikkje vert så dominerande visuelt. Det meste av området er skogkledd, nokre stader med tette, rettlinja flater med granplantefelt. I nedre del har landskapet framleis ein open karakter med aktivt nytta beitemark i eit langsgåande band i overgangen mot innmarka (Skjessrindane). Landskapsmessig er dette ein særst viktig del av heile landskapsbiletet, slik ein oppfattar det frå fjorden og frå heile landskapsrommet mellom Snilstveitøy og Dimmelsvik.



Figur 11. Eigeomsstrukturen i fjellsida over garden Skeie er godt synleg og prega av variasjon både i granplantefelt, beiteområde og grad av gjengroing. Foto: Anbjørn Høivik.

## 5. Oppsummering områdeanalyse

### 5.1. Overordna landskapskarakter -områdekategoriar vurdert ut frå dominerande trekk i naturmiljø og arealbruk

På bakgrunn av inndeling og skildring av dei 18 aktuelle delområda innanfor utgreiingsområdet, er det føreteke ei inndeling i 7 områdekategoriar. Til kategoriane er knytt nokre kommentarar til framtidig arealbruk og andre tiltak som kan nyttast som eit retningsgjevande grunnlag i vidare arealplanlegging i Rosendal. Områda er plassert etter dominerande arealbruk og landskapsuttrykk. Dei fleste områda vil romme fleire bruksområde.

#### **A. Landbruk, gardsbusetnad og innmark**

Område som er dominert av landbruk, som er viktig for landskapsbiletet og området sin opne karakter. Slike område vil generelt i liten grad kunne tole ny utbygging til andre føremål enn landbruk

Delområde: A1, A2, A7, A8, A11, A14

#### **B. Jordbruksområde og gardsmiljø påverka av tett busetnad**

Gjeld delområde der det har vore konsentrert bustadbygging. Med god tilpassing i høve terrengform, vegetasjonsmiljø, kulturminne og tradisjonell busetnad (gardstun etc.) vil vidare bustadbygging kunne akseptierast. Omsyn til omdisponering av produktivt jordbruksareal må vurderast særskilt.

Delområde: A4, A13

#### **C. Sentrumsområde**

Vidare utbygging, fortetting og omdisponering av areal bør skje på grunnlag av ein eigen stadanalyse.

Delområde: A5.

#### **D. Tradisjonelle kulturmarksområde**

Gjeld områdetypar der det i stor grad vert drive vanleg landbruk, men som i tillegg har ein del særskilde verdiar knytt til tradisjonelle kulturmarkstypar med særskilde skjøtselsbehov.

Delområde: A10, A12.

#### **E. Heilskaplege kulturmiljø av særskild verdi**

Gjeld område der det i særskild grad er viktig å ivareta den landskapsmessige heilskapen. Sær låg toleranse for nye inngrep.

Delområde: A3, A9.

#### **F. Utmark med skog og beitpreg**

Omfattar utmarksbeite og skoglier. Visuelt eksponerte område og ramme rundt bygda. Nye inngrep vil kunne ha stor verknad for heile landskapet i Rosendal. Det vert tilrådd å utbeide skjøtselsplanar som grunnlag for å styrke bruk og utvikling i desse områda.


Delområde: B1, B2, B3, B4.

#### **G. Samanhengande naturområde**

Låg toleranse for nye inngrep. Etablering av enkle stiar og anna tilrettelegging for ferdsle til fots kan akseptierast.

Delområde: A6.





Figur 12. Inndeling av delområda i ulike arealkategoriar.

## 5.2. Særskild sårbare, eller viktige landskapsområde.

### 5.2. Visuelt sårbare område.

Delområde	Lokalisering
A1, A3	Heile landskapspartiet frå Nes og inn til sentrum. Viktig å ta vare på den opne landskapskarakteren og halde strukturen av gardstun og innmark tydeleg i landskapet. Ein bør vere varsam med nye utbyggingsfelt for bustader og store einskildbygg som skil seg frå eksisterande byggeskikk.
A2, A3, A10, A 11, A12	Eksisterande terrasseskråningar, t.d. bak Kvinnherad kyrkje, aust for Omshagen, mellom Baroniet, Hatteberg og Muradalen.
A 13	Ryggen mellom Skeishagen og Malmangersvika
A 1	Strandsona mellom Beinavika og Vågsnes.
A12	Fossen i Hattebergselva og landskapet i overgangen til Muradalen.

### 5.2.2 Særskild verdifulle kulturmiljø

Delområde	Lokalisering
A9	Baroniet med Avlsgården
A3	Kvinnherad kyrkje
A 10	Malmanger prestegard
A 5	Kaigate og havnemiljø, naustbygningar
A1/A3/A4/A5	Samling av graver, buplassar, kyrkjegard i konsentrert i området ved Skåla og Kvinnherad kyrkje.
A14	Samling av funn av buplassar, grav og hustuftar, samt eksisterande eldre naustmiljø i strandsona

### 5.2.3 Tradisjonell kulturmark og samanhengande naturstrukturar

Delområde	Lokalisering
A 10	Omshagen
B1 – B4	Beitelandskapet i liene over innmarka, i særskild grad gjeld dette områda under Klåberg og overgangen mot utmarka under Malmangersnuten.
A6	Elvedallandskapet langs Melselva
A2	Tradisjonell kulturmark med beiting i området ved Bjørke





# DEL II.

## STRANDSONEANALYSE SKEISHAGEN – SEIMSFLOSS.

---

### ***1. Innleiing***

#### **1.1. Bakgrunn**

I samband med utarbeiding av ny kommunedelplan for Rosendal-området er det stilt krav om at det skal gjennomførast ei strandsoneanalyse mellom Rosendal og Seimsfoss. Mange landskaps- og arealbruksinteresser er knytt til denne strekninga; Generelt er strandsonene sårbare område der det er viktig å kartlegge eksisterande natur- og kulturverdiar før tiltak vert igangsett.

Med eksisterande og planlagde utbyggingar for bustadføremål sør for Rosendal sentrum, vil det vere trong for å vurdere tilkomst og bruk av strandsona som nærrekreasjonsområde. Riksvegen, som er gjennomgåande ferdslåre og viktig innfallspurt til Rosendal, ligg tett på strandsona og vil fungere både som tilkomst og barriere. Rosendal er eit nasjonalt viktig kulturmiljø og eit reiselivsmål av stor regional verdi. Sjølve reiseopplevinga og korleis ein visuelt opplever møtet med Rosendal frå vegen er difor viktige faktorar som bør påverke planlegging og tilrettelegging i området.

#### **1.2. Målsetjingar og avgrensing**

##### ***1.2.1. Mål***

- 1. Gjennomføre ei detaljert kartlegging av natur- og kulturverdiar, arealbruk og landskap i strandsona på strekninga Skeishagen – Seimsfoss tilpassa kartmålestokk 1: 1000.*
- 2. Vurdere landskapsmessige samanhengar mellom strandsona, Riksveg 48 og dei nære areala på oppsida av riksvegen.*

Analysane av dette området skal danne grunnlag for utarbeiding av reguleringsplanar.

### **1.2.2 Avgrensing**

Detaljanalysen skal omfatte strekninga Skeishagen – Seimsfoss. For å få samanheng i vurderingane, er det funne naturleg å inkludere nokre registreringar og vurderingar på strekninga mellom Rosendal sentrum og Skeishagen bustadfelt. Analysane skal bygge vidare på tilrådingar gjeve i DEL I , "Overordna områdeanalyse for Rosendal". Visuelle og funksjonelle samanhengar mellom strandsona, riksvegen og områda på oversida av riksveg 48 skal og dokumenterast.

### **1.2.3 Material og metode.**

Analysen bygger i hovudsak på eigne registreringar føreteke i sommaren 2004 og bruk av skriftleg kjeldemateriale tilgjengeleg frå Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune. Som støtte for vidare vurderingar er det nytta skråfoto (flybilete) tekne av Anbjørn Høivik, Kvinnherad kommune.

Kulturminneregistreringar i området er gjort tilgjengeleg av Hordaland Fylkeskommune.

## **2. Analyse**

### **2.1. Skildring av området**

Strekninga Rosendal – Seimsfoss går gjennom tre einskaplege delområde, slik det er gjort greie for i del I – "Overordna områdeanalyse for Rosendal". Dette gjeld delområde A10 Prestegarden, A13 Skeie og A14 Seim (sjå figur 3, Del I) Verknaden av dette i høve detaljanalysane vil i første rekkje vere knytt til overgangssonene mellom delområda. Overgangane representerar landskapsformar som i mange tilfelle vil vere ekstra sårbare for nye inngrep og tiltak. Ny planlegging bør her ta særskild omsyn til landskapsbilete og eksponering. Dette gjelder ryggen som skil Skeishagen/ Klockarevika frå Malmangersvika.



Figur 1. Oversikt over landskapet mellom bustadfeltet i Skeishagen og Seimsfoss.

## 2.2. Naturmiljø

Ein stor del av strandsona består av utfyllingar som strekk seg heilt ut til flomålet, eller er utbygd med brygger, murar osv. Det er nokre parti med naturlege strender og nokre stader med grasbakker som går heilt ned til sjøen. Einskilde spreidde førekomstlar av restar etter strandeng førekjem og.

Trevegetasjonen i strandsona har i særlege del av området stort innslag av store tre som ask, svartor og selje. På utfyllingsområde mot Skeishagen er det meir krattvegetasjon der selje og hegg dominerar.

Det føreligg ikkje særskilde verdiregistreringar av naturmiljøet i strandsona på strekninga Skeishagen – Seimsfoss hjå Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga.

## 2.3. Bygningsmiljø, bygningstypar i strandsona

Det er registrert 23 bygningar i strandsona mellom Seimsfoss og Skeishagen. Desse kan delast inn i fylgjande typar:

### ***Eldre naust .***

Nausta er ofte plassert godt inn i terrenget med natursteinsmurar i bakkant. Desse bygningane har ikkje ei slik utforming og takhøgde nok til at det innreias opphaldsrom i 2. etasje. Fleire av nausta har skifertak, nokre med villheller. Andre har bølgeblikktak. Funksjon, utforming og plassering gjer desse bygningane til viktige miljøelement med kulturhistorisk verdi. Det 13 naust av denne type.



*Figur 2. Tradisjonelle naust , delvis bygd inn i terrenget*

### ***Sjøbuer eller naust med høve til opphaldsrom i 2. etasje.***

Bygningar i hovudsak av nyare dato som er bygd med lager og opphaldsrom i 2. etasje. Storleiken på bygningane er slik at det kan vere mogleg å innreie 2. etasje til hytteføremål. Det er i alt 6 bygningar i denne gruppa Sjøbuene er noko eldre (nr 1 og 10).



*Figur 3. Det kan vere stor skilnad mellom eldre og nyare nausttypar i storleik og form.*

#### *Private fritidsbustader.*

Gjeld 3 hytter ( nr 2, 8 og 9) som ligg i strandsona med privat hage og strand. Hyttene er alle av nyare dato. Utforming, material og fargeval gjer at dei skil seg ut frå bygningsmiljøa elles i strandsona. Plasseringa i nærleiken av eller integrert i naustmiljøa gjer at hyttene likevel ikkje vert for dominerande visuelt, særleg sett frå sjøen.




*Figur 4.* Private hytter i strandsona gjer almen tilkomst og ferdsle vanskeleg

## **2.4. Kulturminne**

Det er registrert naustbygningar eldre enn 100 år i SEFRAK-registeret (sjå figur 5; nr . 4, 11, 14, 15, 17, 18, 21). Alle bygningane er lokalisert sør mot Seimsfoss, i delområde A14. I dette området er det på austida av Rv. 48 og registrert eldre nausttuft, grav, hustuffer og felt med kokegroper. ( Kjelde: Kartfesta opplysningar frå Hordaland Fylkeskommune, oversendt 14.10.2004).





Figur 5. Bygningstypar i strandsona Skeishagen - Seimssfoss

## 2.5. Visuelle tilhøve langs Rv 48.

### 2.5.1. Utsyn frå vegen mot Rosendal

Strekning frå Seimsfoss til Rosendal langs Riksveg 48 er på om lag 2 km. Vegen går tett på strandsona heile vegen, nokre stader er han og lagt på fylling mot fjorden. På den korte strekninga er variasjonane i landskapsinntrykk og einskildelement relativt stort. Dette gjer at opplevinga langs vegen kan vere noko "kaotisk", i motsetnad til det ein opplever langs den andre tilkomsten frå Nes til Rosendal sentrum. Her ligg vegen høgare i landskapet, bygningsmiljø, vegetasjon og andre element er meir einsarta og syter for at ein får meir harmoniske og oversiktlege inntrykk av omgjevnadene.

Opplevingane langs vegtilkomsten frå sør kan delast inn i 4 sekvensar (sjå figur 10).

#### Sekvens 1.

I sekvens 1 frå Seimsfoss er landskapsbiletet relativt roleg med god kontakt med sideterrenget på begge sider. Dei slake innmarksareala gjer landskapet ope og med god romkjensle. På strandsida vekslar det mellom flate grasbakker, frodig lauttrevegetasjon, naustbygningar og hytter. Hovudtyngda (3/4-delar) av bygningane i strandsona mellom Seimsfoss og Skeishagen ligg i dette området. Dei fleste eldre nausta ligg godt inn i bakken under vegen, slik at ein likevel har visuell kontakt med sjøen.

Lauttrevegetasjonen hindrar likevel ein del utsyn. Det er ikkje større utfyllingar av strandsona.



Figur 6. samanhangen mellom strandsona og det opne jordbrukslandskapet på Seim er ein viktig kvalitet i området

#### Sekvens 2.

I dette området har sideterrenget ein heilt annan karakter. Vegen går i ein svak kurve. Opplevinga av landskapet er avgrensa til dei bratte bakkar på austsida og til eit tett vegetasjonsbelte på kanten av fyllingsskråningar mot sjøen. Bakkane mot aust er i hovudsak tidlegare beite som delvis er i rask gjengroing. Dei få naustbygningane i området gjev opne glimt mot sjøen. Midtveges er det eit ope parti som gjev utsyn mot Nes og Snilstveitøy.



Figur 7. Første visuelle kontakt med Rosendal er det frodige jordbrukslandskapet frå Nes og innover.

### Sekvens 3.

Overgangen mot *sekvens 3* er tydelig markert i landskapet. Skeishagen bustadfelt avløysar beitebakkane og fyllingsområdet langs stranda vert avløyst av ei meir naturleg strandson. Den tette kantvegetasjonen på fyllinga vert avløyst av opne utsyn. Her får ein det fyrste inntrykket av Rosendal sentrum med Kvinnherad kyrkje som sentralt blikkfang midt i kulturlandskapet. Den nye tette naustrekka nedanfor byggjefeltet snevrar raskt inn utsynet mot sjøen. Klokkarevika nord for naustmiljøet er ubygd strandområde som gjev god kontakt til sjøen. Utfyllinga /moloen som ligg i svingen nord for stranda hindrar utsikten til Rosendal.



*Figur 8* . I svingen før Skeishagen bustadfelt får ein eit glimt av Rosendal sentrum omkransa av beitemark og skog.


### Sekvens 4.

Etter å ha passert svingen nord for Klokkarevika får ein eit glimt av Rosendal med Fjordhotellet og dei opne friområda i Malmangersvika som blikkfang. Ein serie naustbygningar som ligg tett inn mot vegen bryt opp utsikta, før det igjen opnar seg når ein kjem inst i Malmangersvika.



*Figur 9*. Tilkomsten til Rosendal frå sør, sett frå Malmangersvika. Terrengryggen med tradisjonell busetnad, oppe kulturmark og godt tilpassa naustbygningar gjev eit oversiktleg og godt visuelt inntrykk.





Figur 10. Analysekart . Visuelle tilhøve langs Rv 48 mellom Seimsfoss og Rosendal, vurdert i hovudsak på grunnlag av tilkomst frå sør. Strekinga Seimsfoss – Rosendal kan delast inn i 4 sekvensar med omsyn til landskapskarakter og opplevingsverdi.



### **2.5.2. Innfallsport til Rosendal**

Det område som er gjeve nemninga "sekvens 4" vert eit viktig portalområde til og frå Rosendal. Her får ein nærkontakt med Rosendal-bygda. Landskapet opnar seg og ein opplever samspelet mellom tradisjonsrikt kulturlandskap og nyare busetnad. I Malmangersvika er dette tilhøvet eit positivt innslag. Samstundes gjer det landskapet sårbart for endringar og ny utbygging. I særskild grad vil det gjelda ryggen mellom Brotet og Malmangersvika, nord for bustadfeltet i Skeishagen.

### **2.5.3. Overgangssonar og eksponerte linjedrag**

Områdets landskapskarakter og vil vere avhengig av mellom anna terrengformar, vegetasjon og arealbruk. I samband med tilpassing av ny bustadbygging og anna arealutnytting, vil det vere viktig å gjere greie for over overgangssonar og eksponerte linjedrag. Inngrep i slike sonar vil kunne få relativt store konsekvensar for landskapsbiletet, ikkje minst når det gjeld fjernverknad.

Det er registrert 4 viktige linjedrag. Tre av desse er samanfallande med registreringar av einskaplege delområde i Del I.

- Ryggen nord for Skeishagen bustadfelt (Brotet)
- Overgangen i terrengformasjonane i Holmedalen
- Terrassekanten etter tidlegare elvelaup ved Seimsfoss

Det fjerde området, linjedraget mellom Skeidshaugane og stranda, består av eit ope belte med storvokst lauvtrevegetasjon. Dette vegetasjonsbeltet er eit viktig blikkfang frå Rosendal sentrum.



*Figur 11.* Beltet av store lauvtre som dominerar terrengryggen sør for Skeishagen bustadfelt er eit viktig landskapselement synleg over store område. Dette bør det takast omsyn til ved eventuell vidare utbygging i området

## 2.6. Rekreasjonstilhøve og tilkomst

Med bustadfeltet i Skeishagen, bebuarar på Seimsfoss og med nye planlagde utbyggingar for bustadføre mål, vil det vere trong for tilkomst til og bruk av strandsona for nærrekreasjon.

Å kunne vere ved og gå langs ei strandsone er ein kvalitet i seg sjølv. Ikkje minst er det viktig for born. Bading og soling er andre aktivitetar som høyrer til i strandsona. Det vil og kunne vere ynskje om tilrettelagde samlingsplassar ved sjøen som kan nyttast om sommaren.

Store delar av strandsona er ikkje tilgjengeleg for allmenn bruk i dag, enten på grunn av utfylling i sjø eller på grunn av private naustmiljø og hytter. Det er tre aktuelle strender som vil kunne fungere som nærrekreasjonsområde;

- Stranda nord for industriområdet på Seimsfoss. Dette området vert i dag i nokon grad nytta av folk lokalt i Seimsfoss.
- Stranda mellom naustmiljøet og moloen i Klokkarevika. Området har lett tilkomst frå bustadfeltet i Skeishagen. Kryssing av vegen i svingen ved moloen er problematisk grunna dårlege siktilhøve.
- Det offentlege friområdet ved Prestanaustet i Malmangersvika. Dette området har gode parkeringstilhøve og er eit tilbod til alle i Rosendal. Det er og ein grasbakke mellom vegen og stranda som gjer området ytterlegare attraktivt. Dette arealet vert nytta til landbruksføre mål.

Det er bygd samanhengande gang- og sykkelveg mellom Rosendal sentrum og Seimsfoss. Denne vegen går på austsida av Rv 48. For å komme til strandsona må ein difor kryssa vegen. Kryssing vil mange stader vere problematisk både fordi det er vanskeleg å ferdast mellom gangvegen og bilvegen og fordi det ikkje er mogleg å ferdast utanfor vegen på sjøsida der det ikkje er utfylling.

Det er ikkje lagt til rette for parkering langs vegen mellom Seimsfoss og Rosendal. Dei store utfyllingane sør for Skeishagen vil kunne nyttast, men er lite tenlege dersom målet er å kunne koma til strendene. Ved Seimsfoss vil det i tilknytning til industriareal som er under avvikling kunne leggjast til rette for noko parkering.

### 3. Oppsummering og tilrådingar

#### Naturmiljøet

Strender med lite terrenginngrep og der naturpreget i stor grad er ivareteke, bør i størst mogleg grad sikrast intakt og haldast fri for tyngre, permanent utbygging og utfylling mv.

Område med restar av fuktengvegetasjon bør ikkje rørast.



Figur 12. Gul farge syner strandsonar lite påverka av terrenginngrep. Grøn farge syner område der ein finn restar etter strandengvegetasjon.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Eldre naust er i stor grad samla i sørlege del av strandsona. Ein bør vere varsam med ytterlegare utbygging som vert dominerande i høve eldre bygningar. Heilskapen mellom eldre naust i eksisterande strandsona og historiske funn aust for Rv. 48 bør ivaretakast

#### **Landskapsmessig samanheng mellom strandsona og areal ovanfor vegen.**

Skilje i terrengformane mellom sekvens 1 og 2 bør takast omsyn ved vidare planlegging. I det skålforma landskapet i sekvens 1 vil det visuelt sett vere ynskjeleg å sikre den opne samanhengen mellom stranda og landbruks- og gardsmiljøa ovanfor vegen. Ny utbygging i strandsona bør avgrensast mest mogleg.

#### **Visuelt utsyn og innsyn.**


Veksling mellom oppe kontakt med sjø/strandlinje og parti med vegetasjon/bygningar bør takast vare på. Kvalitetane i eksisterande naustmiljø, vegetasjon og strandkontakt er viktig for opplevinga når ein ferdast langs veg og gang- sykkelveg. Det er viktig å sikre eksisterande strekkingar der ein og har visuell kontakt med Snilstvedtøy, Nesområdet og Rosendal sentrum.

## Byggeskikk og ny utbygging i strandsona.

Av omsyn til landskapsmiljøet, utsyn frå veg og visuell kontakt mellom strandsona og områda på austsida av Rv 48, vil det i liten grad kunne tolast utbygging av nye tette naustanlegg av den typen som ein finn ved Skeishagen bustadfelt.

Av landskapsomsyn vil det vere tenleg om evt. utbygging av nye naust skjer i søre del av sekvens 2 (sjå figur 10 og 14).

Ved løyve til oppføring av nye naust bør det vektleggast god landskapstilpassing og stadtilpassa byggeskikk.



Figur 13. Prinsipp for tilpassing av naust til terreng . Td. ved inngrep i utfyllingsområde.


## Bruk og rehabilitering av utfyllingsområde

Utfyllingsområda ligg som opne flatar som vert nytta til tilfeldig lagring og til dumping av søppel. Istandsetjing av fyllingsområda vil vere eit viktig tiltak for å betre det visuelle inntrykket av tilkomsten til Rosendal.

Aktuelle tiltak vil vere planering evt. fjerning av tipphaugar som ligg langs kanten av fyllingane mot sjøen. Vidare bør det gjennomførast tilsåing, samt skjøtsel av eksisterande busk- og trevegetasjon, evt. planting av tre på utvalde stader der dette kan vere med å få fyllingsområda til å gli betre inn i landskapet. Strekingar med utsyn må ikkje blokkerast.

Det er uttrykt ynskje lokalt om å kunne legge til rette for naustbygging, parkering og evt. rasteplass langs Rv. 48. I nokon grad vil dette truleg kunne tilpassast landskapet og området sine arealeigenskapar.

Det er to større utfyllingsområde mot sjø; a) søndre del av sekvens 2 og b) nordre del av sekvens 2(sjå figur 13).



Figur 14. Lokalisering av utfyllingsområde a) og b) i sekvens 2.

**a).**

Her er det fylt ut i ei lengde på omlag 140 meter og med ei breidde opp mot 25 meter på det største. Mot sjøen er det bygd opp ein voll med bratt rasskråning rett i sjøen. Strandsona er her øydelagt og lite tilgjengeleg. I nordre del av fyllingsområdet har ei eit ope og viktig utsyn mot fjorden og Nesområdet i Rosendal.

I søndre del av fyllingsområdet vil det kunne leggjast til rette for noko bygging. Fjerning av fyllmassar og utflating av rasskråningen mot fjorden vil gjere sjøen meir tilgjengeleg. Naustbygg kan leggjast inn i terrenget, i samsvar med tradisjonell byggemåte (sjå figur 3). Landskapsmessig er området oversiktleg nok til at det kan aksepteras avkørsle for parkering og eventuell rasteplass. For å få god tilpassing mellom strandsona, naust og parkering, bør det etablerast felt med busk- og trevegetasjon. Det er likevel viktig å sikra god visuell kontakt mot sjøen.

**b).**

Dette utfyllingsområdet er omlag 250 meter langt, med største avtand mellom veg og sjø på 15 meter. Det meste av strekninga er smalare enn dette. I søndre del av fyllinga er det på motsett side av vegen eit felt med tre bustadhus. Fyllingane er lag topp som ein langsgåane voll, og skrår rett ned i sjøen. Utanom stein og lausmassar er det stadvis dumpa avfallsmassar og søppel. I nordre del av utfyllingsområdet har ein godt utsyn mot Rosendal.

Dette området er vesentleg smalare enn område a). Fyllingane fylgjer ein horistal terrengkurve, der landskapet gradvis opnar seg mot Rosendal når ein fylgjer Rv 48. nordover. Dette gjer området meir sårbart og mindre eigna enn område a) i høve tiltak som naustbygging og parkering.

Det er likevel ynskjeleg med planering av fyllmassar og skrent mot sjøen.

Eksisterande vegetasjon er busk og kratt som har etablert seg sjølv og har liten verdi.

Det er likevel viktig å sikre/etablere felt med trevegetasjon for å gje vegen god tilpassing til landskapet.

**Sårbare landskapsdrag.**

Ved utbygging og anna type tilrettelegging bør ein syte for å ta omsyn til dei visuelt sårbare terrengformane og landskapsdraga som er gjort greie for (figur 10).

## **Kjelder.**

Bruun M. 1983. *Vurdering av landskapskvalitet. Utkast til arbeidsopplegg*. Institutt for landskapsplanlegging, Ås.

Bruun M, 1996 *Landskapsbildet i norsk naturforvaltning*. Institutt for landskapsplanlegging.

Elgersma A. 1996. *Landskapsregioner i Norge, med underregioninndeling. M 1:2000 000*. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

Elgersma A. og V. Asheim 1998. *Landskapsregioner i Norge, landskapsbeskrivelser. Rapport 2/98*. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

Feste J. og A.I. Oterholm 1973. Landskapskarakter. Vurdering av fattbarhet og estetisk kvalitet i naturlandskapet. Institutt for Hagekunst, NLH.

Havnelid Anders 1988. Kvinnherad 3. Gards- og ættesoga: Hovudsokna

Høivik Anbjørn 1999. Kulturminnevern og andre verne- og bruksinteresser i Rosendal. Delrapport 1. Registreringsprosjekt for Folgefonna Nasjonalpark og kulturminnevern i Rosendal.

Kvinnherad kommune 2004. Landbruksplan.

Nordisk Ministerråd 1987. *Natur- og kulturlandskapet i arealplanleggingen. Forvaltning av ressurser og verdier*. Miljørapport 1987:3.

Vaage Erling 1972. Kvinnherad 1. Bygdesoga